

Saksbehandlar: Helle Selseng  
Sak nr.: 21/405-1

## Retningslinjer for flagging

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Flaggreglement for Sogndal kommune blir vedteke slik dei ligg føre.

**Vedlegg:**

Flaggreglement for Sogndal kommune

**Andre relevante dokument i saka:**

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

Sogndal kommune har ikkje reglement for flagging.

#### 1. Lov og reglement

Grunnlaget for flaggreglane er desse:

- Lov om Norges flagg av 10.12.1898 nr.1
- Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger av 29.06.1933 nr. 2
- Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget av 21.10.1927 nr. 9733

Etter forskrifta er det utenriksdepartementet som avgjer tvilstilfelle om bruk av statsflagget på offentlege bygningar.

#### 2. Statsflagget

Statsflagget (utan splitt og tunge) skal nyttast på eller frå kommunen sine offentlige bygningar og eigedomar eller bygningar og eigedomar som i hovudsak vert nytta av kommunale institusjonar eller verksemder. Frå rådhuset er det statsflagget som skal nyttast, eventuelt i kombinasjon med sameflagget og flagg til framande land.

#### 3. Andre flagg og vimplar

Det er lov å bruke sameflagget og flagg til framande land ved sidan av det norske flagget der det er naturleg som honnør. Bruk av desse flagga skal skje i samsvar med dette reglementet.

Kommuneflagget og -vimpelen kan brukast frå og ved kommunen sine bygningar og offentlege plassar utan tidsavgrensingar. Det er høve til å flagge ved andre høgtidlege og festlege høve med andre flagg frå andre kommunale bygg enn kommunehusa. Vilkår er at slike bygningar og eller grunn vert nytta i samband med arrangementa.

Frå kommunalt eigde flaggstenger på torg og bruer er det høve til å flagge med andre flagg ved høgtidelege og festlege høve av almen karakter, etter søknad. Statsflagget bør vanlegvis berre brukast på offisielle festdagar og når offisiell flagging er påbode

Kommunen drøfta i 2020 i formannskapet at andre flagg enn det norske flagget kan nyttast på kommunale flaggstenger i samband med særskilde arrangement. Dette galdt konkret i samband med Pride-markering.

Det er opna for slik praksis i lov om flagging på kommunens offentlige bygninger der det er lovheimla følgjande unntak for bruk av norsk flagg:

*Forbudet i første punktum gjelder ikke når bygninger med tilhørende grunn som nevnt i annet punktum brukes i forbindelse med idretts-, kultur- og lignende arrangement med allmenn interesse. Det samme gjelder frittstående kommunale flaggstenger på torg, bruer, plasser eller lignende som ikke framstår som en integrert del av et kommunalt bygningskompleks eller et bygningskompleks som for den vesentligste del benyttes av kommunale institusjoner.*

Tidlegare Balestrand kommune har brukt å flagge ved Balestrand rådhus sjølv om dette ikkje har vore Balestrand kommune sin eigedom.

Kort økonomisk vurdering:

Flagging vil medføre kostnader dei dagar der flaggdagar fell på ein fridag. På ein arbeidsdag blir flagget heist innan arbeidstid og fira etter arbeidstid. Dersom flagging skjer ut over ordinær arbeidstid, skal arbeidet bli godtgjort etter hovudtariffavtalen sine føresegner.